

Til Alver kommune v/avd. for samferdsle veg m.m.

Søknad om utvida bruk av avkøyring til kommunal veg frå gnr. 1 bnr. 80 og bnr. 285

Syner til tilbakemelding frå Alver kommune der kommunen krev fleire opplysningar i byggjesaka. Dykkar ref. 20/1665-21/24859. Brev datert 14.04. 21.

I tilbakemeldinga pkt. 4 er det kravd at avkøyringa til eigedomen må godkjennast av Alver kommune, avdeling for samferdsel, veg, vatn og avlaup.

Denne eigedomen er ein gamal eigendom som tidlegare er nytta til sjøhus/naust. Eigedomen har frå gamal hatt tilkomst frå den kommunale vegen som går fram til det gamle ferjeleiet på Flatøy. Sidan eigedomen har vore lite bruka er ikkje avkøyringa særleg godt markert.

Vedlagd føl kart som syner plasseringa av avkøyringa.

Trafikk: Denne vegen er ein blindveg med svært liten trafikk slik at avkøyringa vil ikkje skapa trafikkale problem eller vera til noko fare trafikkmessig sett for dei som nyttar avkøyringa.

Sikttilhøve: Sikttilhøva er god nok i høve til den trafikk som er forventa frå avkøyringa. Brukarfarten for dei få som nyttar vegen er låg.

Eigedomen som nå skal nyttast til øvingslokale, har førebels ikkje løyve til parkering på eigedomen, men har fått godkjent parkeringsplassar anna stad i nærleiken. Avkøyringa vil derfor førebels berre bli nytta som tilkomst for varetransport og utstyr. Det vil bli svært liten persontrafikk på avkøyringa.

Det vert derfor søkt om utvida bruk av tidlegare avkøyring til eigedomen for nåverande godkjent parkering og for mogleg framtidig parkering og tilkomst til eigedomen slik som synt på vedlagde kart.

Frekhaug 19.06.21.

For tiltakshavar/eigarar Barbro og Øystein Sulebakk.

Jens H. N. Bjordal.

Ansv. Søkjar.